



SAMNANGER KOMMUNE

Reglement for eldrerådet

Vedteke av kommunestyret 18.06.2024 i sak 74/2024

Innhald

1	Heimel for reglementet.....	3
2	Om eldrerådet.....	3
2.1	Formål	3
2.2	Virkeområde	3
2.3	Kva periode eldrerådet er oppretta for	3
2.4	Samansetnad	3
2.5	Val av medlemmer	3
2.6	Val av leiar og nestleiar	3
2.7	Opplæring.....	4
2.8	Sakshandsaming	4
2.9	Møteplan	4
2.10	Møtegodtgjersle	4
2.11	Leiargodtgjersle	4
2.12	Budsjett og økonomi	4
2.13	Årsmelding.....	4
3	Verknadstid og endring av reglementet.....	4

1 Heimel for reglementet

Reglementet er heimla i Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 5-13, jf. § 5-2 andre og tredje ledd.

Det går fram av kommunelova at eldrerådet skal ha eit reglement som fastset

- a) organet sitt virkeområde og eventuelle vedtaksmynde
- b) tidsperioden som organet er oppretta for
- c) eventuelle andre bestemmelsar om organet si verksemd

2 Om eldrerådet

Eldrerådet er eit rådgjevande medverknadsorgan som er oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf. § 5-2.

Utfyllande reglar om eldreråd står i Forskrift 17. juni 2019 nr. 722 om kommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsetting og ungdom (forskrift om medverknadsordningar).

2.1 Formål

Formålet med eldrerådet er å medverka til å sikra ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld eldre.

2.2 Virkeområde

Eldrerådet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld eldre. Eldrerådet kan òg på eige initiativ ta opp saker som gjeld eldre.

Eldrerådet kan arrangera høyringar om saker dei har til handsaming. Eldrerådet kan òg invitera andre personar til møta i rådet.

Eldrerådet kan driva informasjonsarbeid.

Eldrerådet har ikkje avgjerdsmynde, og skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

2.3 Kva periode eldrerådet er oppretta for

Eldrerådet er ikkje oppretta for ein bestemt tidsperiode, men val av medlemmer til eldrerådet skal gjennomførast kvart fjerde år.

2.4 Samansetnad

Eldrerådet skal ha fem medlemmer og minst like mange varamedlemmer. Ein eller to av medlemmene skal vera kommunestyremedlemmer.

Fleirtalet av medlemmene skal på valtidspunktet ha fylt 60 år, jf. reglar i kommunelova § 5-12 andre ledd.

2.5 Val av medlemmer

Kommunestyret vel medlemmene til eldrerådet, jf. reglar i kommunelova § 5-12 første og andre ledd. Valet skal gjennomførast i samsvar med reglane i kapittel 7 i kommunelova.

Valet gjeld for heile valperioden (fire år).

2.6 Val av leiar og nestleiar

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemmene. Val av leiar og nestleiar bør gjerast i det første møtet etter at kommunestyret har valt medlemmene til eldrerådet.

2.7 Opplæring

Medlemmene i eldrerådet skal få tilbud om nødvendig opplæring, for eksempel eldrerådskurs. Eldrerådet avgjør sjølv kva opplæring som skal tilbydast, innanfor dei gjeldande økonomiske rammene for eldrerådet.

2.8 Sakshandsaming

Eldrerådet skal få nødvendig sekretariatshjelp av administrasjonen i kommunen.

Rådmannen sørgjer for innkalling til møta i eldrerådet, i samarbeid med leiaren i rådet.

Saker som gjeld eldre skal leggjast fram for eldrerådet for uttale i så god tid før saka skal avgjerast endeleg, at eldrerådet sin uttale har moglegheit til å påverka utfallet av saka. Eldrerådet sin uttale skal følgja saksdokumenta til det kommunale organet som gjer endeleg vedtak i saka.

Kommunestyret kan gje leiaren i eldrerådet møte- og talerett i enkeltsaker som gjeld eldre sine levekår eller eldrerådet si verksemd. Formannskapet og utvalet for oppvekst, helse og omsorg kan òg gje leiaren i eldrerådet møte- og talerett i enkeltsaker som gjeld eldre sine levekår.

Sakshandsamingsreglane i kommunelova kapittel 11 gjeld for eldrerådet. I tillegg kan kommunestyret vedta sakshandsamingsreglement som òg vil kunne gjelda for eldrerådet.

2.9 Møteplan

Kommunestyret vedtek årleg ein møteplan for eldrerådet. Eldrerådet kan ved behov gjera endringar i møteplanen, jf. reglar i kommunelova § 11-2 andre ledd.

2.10 Møtegodtgjersle

Medlemmene i eldrerådet får møtegodtgjersle i samsvar med reglane i kommunen si forskrift om økonomisk godtgjersle m.m. for folkevalde.

2.11 Leiargodtgjersle

Leiaren i eldrerådet for leiargodtgjersle i samsvar med reglane i kommunen si forskrift om økonomisk godtgjersle m.m. for folkevalde.

2.12 Budsjett og økonomi

Eldrerådet skal før kommunestyret si årlege budsjetthandsaming ha moglegheit til å gje innspel om behov for budsjettmidlar for eldrerådet.

2.13 Årsmelding

Eldrerådet skal kvart år utarbeida ei årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret, jf. reglar i § 2 i forskrift om medverknadsordningar. Årsmeldinga skal gje informasjon om aktiviteten i eldrerådet og saker rådet har hatt oppe til handsaming.

3 Verknadstid og endring av reglementet

Dette reglementet gjeld med verknad frå 18.06.2024.

Reglementet kan endrast av kommunestyret. Eldrerådet skal få høve til å uttala seg før kommunestyret gjer endringar i reglementet.